



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8286 - 21/15518

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
08.03.2021

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 199/1 garasje med dispensasjon Haukås

**Tiltak:** Garasje/bod  
**Byggjestad:** Gbnr: 199/1  
**Tiltakshavar:** Kenneth Mads Steinmuller  
**Ansvarleg søkjar:**

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bod på gbnr 199/1 Haukås. Saka omfattar søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område.

### Delegert handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 04.03.21 der følgjande vedtak vart fatta:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføremål LNF-område for oppføring av garasje/bod på gbnr 199/1 Haukås.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 a) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av garasje/bod på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 27.04.20 mottatt 17.02.21 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.

**Før tiltaket kan takast i bruk skal det søkjast om ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket.**

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje/bod med bygd areal (BYA) ca. 34,81m<sup>2</sup>.  
Utnyttingsgrad er ikkje opplyst.

Det vert elles vist til søknad mottteken 18.04.20 og supplert 15.06.20, 13.01.21, 17.02.21.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt 18.04.20. Tilleggsdokumentasjon vart etterspurt ved brev av 28.04.20, 17.06.20, 14.10.20, 19.11.20, 19.01.21. Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar 15.06.20, 13.02.21, 17.02.21.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindås er definert som LNF-føremål. I tillegg kjem tiltaket i omsynssona-sikringszone H110 nedslagsfelt for drikkevatt:



Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 30% BYA.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post [larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)

### Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Løyve til oppføring av garasje/bod med dispensasjon - gbnr 199/1 Haukås  
Situasjonskart  
Fasader  
Grundplan  
Søknad om dispensasjon frå LNF-område gbnr 199/1 Haukås  
SV sak 208286 Manglar i saka gbnr 1991  
Melding til søkjar

**Kopi til:**

Kenneth Mads Steinmuller

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER